

Styremøte 20. mars kl.18 på Kraftsenteret

Desse var til stades: Mette Marie, Bjørg, Turid, Solveig, Nelly, Sunneva.

Sak 14/-17 Permisjonssøknad frå styreverv

Mariann Døving ber om eit halvt års permisjon frå styrevervet i VBK. Skriftleg søknad med presise datoar kjem seinare. Styret tok opp saka og var samrøystes for permisjon.

I permisjonshalvåret blir Turid kasserar, Solveig fast styremedlem, Nelly 1.vara.

Sak 15/-17 Meldingar og orienteringar

Fylkesårsmøte i Ålesund: Monica Vågan frå Eidsbygda vart vald til ny leiar i Møre og Romsdal BK. Ellen Krageberg og Grete Brundtland møtte frå NBK.

VBK tok opp ei sak - å kunne selje brødvarer utgått på dato til halv pris. Ba om at det vart teke opp med butikk-kjedene.

VBK ba også om å få eit regelverk om kor mykje gluten det kunne vere i brød. Det måtte vere mindre enn no.

VBK var 85 år 10.mars.

Fredagskafe:

Dei ulike laga (Kafegruppa i VBK) bestemmer sjølve om dei gir 1 kake til sjukeavdelinga og 1 el. ei halv til Loftet. Må varsle kjøkkenet dersom dei gir kaker. Kjøkkenet bakar kaker til desse avdelingane om dei ikkje blir varsle.

VBK-Fredagskafe i okt. blir flytta til nov? Bjørg tek saka.

Kyrkjekaffien er oftast i okt. Kafegruppa har ansvar for begge.

Sansehage:

Bjørg kallar inn arbeidsgruppa og set opp og daterer aktivitetstimar.

Else Rødal har sagt seg viljuge til å samarbeide med Judith om Sansehagen.

Aktivitetsgruppa:

Nelly og Solveig har sagt seg viljuge til å vere med i Aktivitetsgruppa.

Anne har sluttat, og Mariann blir ikkje med første halvåret.

Aktivitetsgruppa blir då Mette V., Brita, Nelly og Solveig.

Søndagsmiddag 26. mars:

Sender ut ei ekstra påminning om å melde seg på. 17 er no påmelde.

Solveig har eit innlegg om jakta på tradisjonsmat. NBK ber om oppskrifter.

Fellesmøte med Husflidslaget om lin i april. Solveig og Annrid Nerhus samarbeider.

Sak 16/-17 Fellesmøte med Pensjonistlaget 27.april på Martin Linge-huset

Tema. Velferdsteknologi og aktivitetssenter ved foredragshaldar frå Oslo.

VBK-styret har ansvar for kaffi og kaker. Pris pr. person 50 kr. VBK får inntekta.

VBK gir 2 seterbøker til utlodning. Pensjonistlaget sel årar og får inntekta.

Ope møte - kommunestyret og pleiepersonell blir spesielt innbedne.

Vi må slå eit slag for Kraftsenteret, det fungerer alt som eit lite aktivitetssenter.

Vi vil ikkje ha det flytta på biblioteket.

Der kan Kraftsenteret halde ope berre 2 dagar i veka når biblioteket er stengt.

Sunneva Linge skrivar